



Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Årsrapport 2015



Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980.

I 2011 vart første Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert, etter at det vart opna for lokal forvaltning av dei store verneområda. Styret for 2012-2015 vart oppnemnd av Miljøverndepartementet ved brev av 17.01.2012.

Våren 2012 vart det tilsett to nasjonalparkforvaltarar, ein med kontor i Lom og ein i Luster.

Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for «den daglege drifta».

Årsmeldinga gjev ei samla framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid, tiltak og registreringar som er gjort i felt og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Framsida:

Vidar Eltun og Ivar Kvalen – møte i Nasjonalparkstyret på Gjendesheim 22.06.15



Fjellmarinøkkel



Raudsvæve



Brudespore

(Foto: Kari Sveen)

Innhald

| | |
|--|----|
| Føreord | 2 |
| 1. Verneområda – status | 4 |
| 2. Aktørar i verneområda | 4 |
| Nasjonalparkstyret | 4 |
| Nasjonalparkforvaltarar | 5 |
| Naturopsynet..... | 5 |
| Andre sentrale myndigheiter | 5 |
| Brukarar | 6 |
| Sentrale dokument..... | 6 |
| 3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2015 | 7 |
| Økonomi | 8 |
| 4. Aktivitet | 9 |
| Informasjon | 9 |
| Skjøtsel og vedlikehald | 11 |
| Jotunheimen Vest:..... | 11 |
| Jotunheimen Aust:..... | 11 |
| Arrangement i verneområdet | 11 |
| Randsonearrangement..... | 12 |
| Vidare arbeid | 12 |
| Revisjon av forvaltningsplanen: | 12 |
| Besøksstrategi: | 12 |
| Kartleggingsarbeid:..... | 12 |
| Pilot for implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker | 12 |
| 5. Glimt frå 2015..... | 13 |

1. Verneområda – status

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta ved Kgl. res. 05.12.1980. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og har delt nasjonalparken i ulike forvaltningssoner: Sone utan tilrettelegging og inngrep, brukszone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. i ulike soner. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen vart i 2004 tekne opp til revisjon i samband med rullering av den første forvaltningsplanen frå 1998. Reviderte forskrifter vart godkjente 14.11.14.

2. Aktørar i verneområda

Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheita for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart overført frå Fylkesmannen til nasjonalparkstyret, ved brev av 04.11.10 frå Miljøverndepartementet. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Etter kommune- og fylkestingsval hausten 2012 vart nytt nasjonalparkstyre oppnemnd av Miljøverndepartementet i brev datert 17. januar 2012. Styret konstituerte seg i møte 23. mars 2012.

Styret for perioden 2012-15 er:

| <i>Rolle</i> | <i>Ordinært medlem</i> | <i>Varamedlem</i> | <i>Representerar</i> |
|---------------------------|------------------------|---------------------------------|---------------------------------------|
| <i>leiar</i> | Mai Bakken | Bjarne Eiolf Holø | <i>Lom kommune</i> |
| <i>nestleiar</i> | Ivar Kvalen | Marit Tennø | <i>Luster kommune</i> |
| <i>styremedlem</i> | Iselin Jonassen | Ivar Vistekleiven * | <i>Vågå kommune</i> |
| <i>styremedlem</i> | Vidar Eltun | Aud Irene Hamre Rogn | <i>Vang kommune</i> |
| <i>styremedlem</i> | Arild Ingar Lægreid | Marie Helene Hollevik Brandsdal | <i>Årdal kommune</i> |
| <i>styremedlem</i> | Frida Melvær | Aleksander Øren Heen | <i>Sogn og Fjordane fylkeskommune</i> |
| <i>styremedlem</i> | Jørand Ødegård Lunde | Tor Jevnheim | <i>Oppland fylkeskommune</i> |

* Ivar Vistekleiven vart oppnemnd som ny vararepresentant frå Vågå kommune i brev av 19.07.2013
Oppnemninga skjedde som følge av at tidlegare vararepresentant Iselin Jonassen vart vald til ordførar i Vågå, og gjekk inn som fast medlem i nasjonalparkstyret.

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Fylkesmannen i Oppland og postadressa er:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Postboks 987
2626 Lillehammer
mail: fmoppost@fylkesmannen.no

Nasjonalparkforvaltarar

Sekretariatet består av to forvaltarar, og skal førebu saker for styret, drive informasjon og halde kontakt med brukarar av verneområda.

- Kari Sveen er tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Nasjonalparkinformasjonssenteret ved Norsk Fjellmuseum i Lom. Kari har lang erfaring innan offentleg forvaltning på kommunalt, regionalt og statleg nivå.
- Magnus Snøtun er tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Rådhuset i Luster i Gaupne. Magnus kom frå stillinga som nasjonalparkforvaltar i Breheimen og har erfaring frå både privat og offentleg sektor.

Nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Fylkesmannen i Oppland, men er underlagt nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Fylkesmannen har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltarane sitt arbeidet for nasjonalparkstyret, men kan nytte nasjonalparkforvaltarane til andre arbeidsoppgåver ved behov og i samråd med nasjonalparkstyret.

I 2015 var det relativt få oppdrag utanom eige arbeidsområde, anslagsvis ½ -1 månadsverk

- Kari Sveen hadde inntil 1 dag i veka til avlasting på enkeltsaker planarbeid januar-mai, med ansvar for oppfølging av dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova i Lesja og Dovre. I tillegg nokre enkeltsaker for Reinheimen pga stort arbeidspress på ein forvaltar der. Verv som tillitsvald for Naturviterne på Miljøvernavdelinga medfører div. møte på Lillehammer.
- Magnus Snøtun har opplæring og fagleg rettleiing til andre nasjonalparkforvaltarar når det gjeld nettsider. Med bakgrunn og kontorstad i Sogn og Fjordane bidreg Magnus også i fagmiljøet her og har hjelpt til med einskildsaker (Naustdal-Gjengedal).

Naturoppsynet

Naturoppsynet er den utøvande og kontrollerande delen av forvaltninga av verneområda. Naturoppsynet kan ikkje drive forvaltning, men skal følgje opp miljølovgivinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar.

Statens Naturoppsyn (SNO) er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Rigmor Solem er tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som hovudområde. Kontorstad varierer mellom Vang og Utladalen, I tillegg består naturoppsynet i Jotunheimen og Utladalen av eit omfattande tenestekjøp. Tenestekjøp omfattar både tilsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstyresamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. For Jotunheimen og Utladalen blir det kjøpt tenester av fjellstyra i Lom, Vågå og Vang og frå enkeltpersonar, slik at heile verneområdet vart dekkja.

Andre sentrale myndigheiter

Det er også andre myndigheiter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda. Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. I tillegg har kommunane ansvar for

arealforvaltninga og god dialog er særleg viktig for innfallsportane og randsonene til verneområda. Kommunane har myndigheit etter plan- og bygningslova og motorferdsellova. Ofte må brukarar har løyve både frå verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova) . Administrativt kontaktutval vart oppretta i 2013. Utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret og kommunane.

Fylkesmennene hadde forvaltningsmyndigheit for verneområda fram til oppretting av nasjonalparkstyret. Miljøvernavingane har erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant.

I tillegg har fylkesmennene klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. I tillegg har fylkeskommunen myndigheit etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering.

Brukarar

I Jotunheimen og Utladalen finn vi nokre av dei mest kjende og sti- og overnattingsystema i den norske fjellheimen. Kjende turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besøkande.

I Jotunheimen og Utladalen vart det gjennomført brukarundersøkingar i både 1992, 2002 og 2010. Desse undersøkingane påvisar både utviklinga over tid og behov for tilpassingar. Som det første verneområdet i Noreg, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein besøksstrategi for verneområda.

I tillegg til dei besøkande, inkluderer også brukarane grunneigarar, bedrifter, lag og organisasjonar som bruker verneområda for næring, forskning/kunnskapsformidling og rekreasjon. DNT Oslo og Omegn har omfattande aktivitet knytt til turisthyttene og stinettet. Turisthyttene Glitterheim, Gjendebu og Skogadalsbøen er større bedrifter innan verneområdet, og i tillegg kjem den private turisthytta Memurubu og ei rekkje bedrifter ved innfallsportane og i randsonen. Grunneigar- og bruksinteresser knytt til områda omfattar både beitebruk, jakt og fiske. Tamreinlag i Lom og Vågå, Storådalen beitelag og Utladalen sameige har stor aktivitet innanfor verneområdet. I tillegg har Stiftinga Avdal Gard, Vetti turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og ei rekkje grunneigarar ulik grad av aktivitet i verneområdet.

Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde revidert 14.11.14.

Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Parallelt med revisjon av verneforskriftene, var det arbeidd revisjon av forvaltningsplanen. Godkjenning av forvaltningsplan måtte vente til etter at nye forskrifter var vedtekne, men utkast av 2008 har i ventetida vore brukt som eit rettleiande dokument for forvaltninga. Melding om oppstart av revisjon i medhald av dei nye verneforskriftene og nye føringar gjevne i naturmangfaldlova og overordna nasjonal politikk vart sendt ut ved brev av 02.09.2015. Revisjonen var og hovudtema på møte i fagleg rådgjevande utval 16.09.15. Det er vidare halde opne møte i kvar kommune i oktober:

- Lom 21.10.2015
- Vågå 22.10.2015
- Vang 26.10.2015
- Luster 28.10.2015
- Årdal 29.10.2015

I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen og Gjendebu-området. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen vart utarbeidd i 1998. I 2010 vart det gjort ny vurdering av skjøtselsbehovet av både eksisterande skjøtselslokalitetar og nye lokalitetar. Denne vurderinga omfatta heile Utladalen. Skjøtselsplanen for Gjendebu-området vart vedteken i 2004. I 2011 kom ei fagleg evaluering av utviklinga i tiltaksområdet, og vidare skjøtsel har fylgd tilrådingane frå Miljøfaglig Utredning.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Målsetjinga med strategien er å bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleving, bidra til å auke verdiskapinga og samstundes ta vare på naturverdiane.

3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2015

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og med andre politiske verv i tillegg. 4 av medlemmene er ordførarar. Møta har derfor blitt lagt opp med ein del telefonmøte, særleg i vinterhalvåret med stengde fjellovergangar, men ein har fysiske møte når det let seg gjera.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen hadde 10 møte i 2015, og behandla 65 saker.

| | | |
|-------|---------------|--|
| 1/15 | 12. januar | E-postbehandling |
| 2/15 | 19. februar | Telefonmøte |
| 3/15 | 9. mars | Telefonmøte |
| 4/15 | 25. mars | E-postbehandling |
| 5/15 | 27. april | E-postbehandling |
| 6/15 | 4. mai | Telefonmøte |
| 7/15 | 11. mai | Lom, delvis telefon-/videomøte pga stengt fjellovergang) |
| 8/15 | 22. -23. juni | Gjendesheim |
| 9/15 | 12. oktober | Lom |
| 10/15 | 27. november | Telefonmøte |

Arbeidsutvalet hadde 4 møte og behandla 5 saker. Møte i AU har vore via e-postutveksling.

| | | |
|------|---------------|------------------|
| 1/15 | 10. april | E-postbehandling |
| 2/15 | 8. juni | E-postbehandling |
| 3/15 | 2. juli | E-postbehandling |
| 4/15 | 14. september | E-postbehandling |

Forvaltarane har i medhald av delegert myndigheit gjort administrative vedtak i 4 saker.

Under er sakene fordelt etter tema (samla for Nasjonalparkstyret / AU / Adm. vedtak:

| Type saker | Tal saker 2012 | Tal saker 2013 | Tal saker 2014 | Tal saker 2015 |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Adm./generelle vedtak (Styre/AU) | 16 stk. | 21 stk. | 26/3 stk. | 27 stk. |
| Vedtak om motorferdsel (Styre/AU/Adm.) | 18 stk. | 22 stk. | 8/1/4 stk. | 14/5/4 stk. |
| Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, stiar o.l.) (Styre/AU) | 8 stk. | 6 stk. | 11/2 stk. | 11 stk. |
| Vedtak om arrangement | 1 stk. | 3 stk. | 1 stk. | 3 stk. |
| Generelle uttalar | 2 stk. | 1 stk. | | 3 stk. |
| Vedtak om plan og planarbeid | 3 stk. | | 3 stk. | 2 stk. |
| Vedtak om økonomi | 4 stk. | 3 stk. | 2 stk. | 2 stk. |
| Klagebehandling | 1 stk. | | | 0 |
| Andre tiltak | 4 stk. | | 1 stk. | 3 stk.** |
| Sum | 57 stk. | 56 stk.* | 62 stk. | 74 stk. |

* 1 sak trekt, tiltak likevel ikkje aktuelt

** Pilot innfallsport

Aktiviteten i 2015 har vore stert prega av at Jotunheimen er vald som pilotområde for utvikling av ein innfallsport i tråd med den nye merkevaren for Norges Nasjonalparker, som vart lansert på Nasjonalparkkonferansen i april 2015.. Sognefjellshytta er vald som lokalitet for tilrettelegginga.

Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda (bestillingsdialogen). 2015 vart eit spesielt år, da det i samband med innføring av ny merkevare vart ei svært streng prioritering av alle andre saker enn etablering av pilot innfallsport som eit ledd i synleggjering av ny profil. Vanskelege værforhold og behov for eit toårig løp på større tiltak med behov for barmarkssynfaringa gjorde at opparbeiding av innfallsport/utkikkspunkt måtte utsetjast til 2016.

| Tiltaksmidlar for 2013 (bestillingsdialogen) | Tildeling | Sum utgifter | Tillegg | Gjennomføring, rekneskap |
|---|---------------|---------------|---------|-----------------------------|
| Skjøtsel | 370000 | | | 370000 |
| Skjøtsel Utladalen | | 300000 | | Utført, SNO |
| Skjøtsel Guridalen | | 30000 | | Utført, SNO |
| Skjøtsel Gjendebu | | 40000 | | Utført, SNO |
| Stiarbeid | | | | |
| Vedlikehald | 0 | | | |
| Nye tiltak | 0 | | | |
| Informasjon/innfallsport | | | | |
| Pilot innfallsport Sognefjellet, prosjektering | 400000 | 352233 | | 352233 |
| Pilot innfallsport bygging | 4500000 | 0 | | 0 |
| Naturrettleing | | | | |
| Naturrettleing | 0 | 0 | | 0 |
| Barnas naturoppsyn | | | | |
| * Rekneskap eks. midlar forvalta av lokalt SNO | | | | |

| Drift | | Budsjett | Rekneskap |
|-------------------------|---|----------------|----------------|
| Sekretariat | kontorhald, reiser, m.m. utanom løn | 179.000 | 176.133 |
| Styret og utvala | | 290.000 | 283.568 |
| | Reise- og møtegodtgjersle nasjonalparkstyret | | |
| | Reiseutgifter rådgjevande utval, Administrativt kontaktutval | | |
| Forvaltningsplan | | 50.000 | 41.580 |

Ulovlege tiltak

1 tiltak som var meldt til politiet i 2014 vart avgjort med vedtak av bot i 2015

Eitt tiltak på motorferdsel i gråsone er teke opp for vurdering/advarsel etter rapport frå SNO.

Andre utval

- Fagleg rådgjevande utval, møte i Utladalen/Årdal 16. september. Administrativt kontaktutval, SNO og Miljødirektoratet var også representert på møtet



4. Aktivitet

Informasjon

Naturrettleiingsprosjektet i Jotunheimen starta som eit prøveprosjekt i 2009, og det har vore sesongtilsett personell t.o.m. 2014. I 2015 var det ei innstramming i økonomien til verneområda, og ein fekk ingen ressursar til engasjement av naturrettleiar. Det har vore sterkt ønskeleg med ei fast stilling til den mest brukte nasjonalparken i landet, for å sikre fagleg kontinuitet og betre tilbod for tilreisande og lokale brukarar med vekt på barn/unge i lokalsamfunna rundt verneområda.

SNO og nasjonalparkforvaltarane har delteke og informert på mange arrangement, møte, seminar og i felt. Oppsynet har lagt vekt på informasjon og rettleiing til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar. Vi har også ein del utanlands besøk. Ei gruppe frå Slovenia vitja Jotunheimen i juli, for erfaringsutveksling om forvaltninga med særleg vekt på korleis ein kunne redusere omfanget av motorferdsel. Det var gjensitt til Slovenia i september, i samband med EØS-prosjektet. SNO hadde ei større gruppe frå Tsjekkia på studietur i Noreg i august. Dei utanlandske gjestene vitja både informasjonssentra på Norsk Fjellmuseum og Utladalen Naturhus, i tillegg til synfaringar ute.

Oversikt deltaking kurs, konferansar og informasjonsverksemd 2015

| Dato | Kurs, konferansar - Tema | Magnus Snøtun | Kari Sveen | Frå NP-styret |
|----------------|---|---------------|------------|-----------------------|
| 27.-28. januar | Strategisamling 2015 – Miljøvernavingdelinga Pellestova, Øyer | x | x | |
| 13.-15. april | Nasjonalparkkonferansen 2015, Miljødirektoratet | x | x | M. Bakken og J. Lunde |

| | | | | |
|---------------|---|---|---|------------|
| 3.-8- sept | Studietur Slovenia | x | x | SNO |
| 21.-23. sept. | Nasjonal vernefagsamling, Sundvollen, Buskerud | x | x | |
| 14.-15. okt. | Haustsamling nasjonalparkforvaltarane i Oppland med open fagdag | x | x | Mai Bakken |
| 13. nov. | Turkonferansen DNT - Oslo | x | x | |

Informasjon, fordrag, deltaking i formelle møte, representasjon arrangement

| Dato | Tema | Repr. |
|-------------|--|-----------------------|
| 19.-20. 05. | Workshop Okstindane Natur- og Kulturpark - Foredrag besøksforvaltning | KSV |
| 05.06 | Til Topps 2015 – tur til Galdhøpiggen med nye landsmenn | KSV |
| 28.06. | Fjellfestivalen – botanikkvandring ved Gjende | KSV |
| 10.-14.juli | Omvising og synfaring Jotunheimen og Dovrefjell. EØS-prosjekt «Cars Out» med 6 deltakarar frå Slovenia på studiereise i tråd med samarbeidsavtale | MSN KSV |
| 11.08. | Friluftslivets År – Geologi- og botanikkvandring frå Krossbu mot Bøverbreen. Atle Nesje om geologi, Kari Sveen om botanikk . Arr.: Norsk Fjellmuseum | KSV |
| 17.09. | Setesdalsheiane, Heiplansamling, Lysebotn, Foredrag besøksforvaltning | MSN |
| 18.09. | Sognefjellshytta opning nybygg 18-09-15 | KSV, Mai Bakken |
| 21. sept. | Innlegg besøksforvaltning, Nasjonal vernefagsamling, Sundvollen, Buskerud | KSV |
| 25. sept | Barnas Naturoppsyn - Ringsdalen | MSN, KSV, SNO |
| 29. sept. | Aktiv haustferie Lom – ut i naturen med barnegruppe i alderen 8-12 år | KSV |
| 20. okt. | Fagdag nasjonalparkforvaltarane i Nordland. Foredrag besøksforvaltning, Bodø | KSV |

Møte med eksterne partar

(utanom styremøte, AU, adm.k.utv., fagleg rådgj., interne arb.møte forvaltarane og SNO)

| Dato | Tema | | Andre |
|--|--|----------|---|
| 14. 01 | Workshop Snøhetta – reiseliv referansegruppe, Oslo | KSV | |
| 22.01, 24.-25.02, 25.-26.03 16.04, 11.06, 16.11. | Arbeidsmøte pilotnettverk Besøksforvaltning, Trondheim | KSV, MSN | |
| 2.-3. mars | Arbeidsmøte kontrakt forprosjekt og prosjektering av pilot innfallspørt, Trondheim | KSV, MSN | Miljødirektoratet |
| 23. mars | Kontraktsmøte, Oslo | KSV, MSN | Dronninga Landskap, Miljødirektoratet, |
| 17. april | Oppfølgingsmøte, innfallspørt, Oslo | KSV | Dronninga Landskap, Miljødirektoratet, |

| | | | |
|---------------------------------------|--|---------|---|
| 15. juni, 31 august 3. november | Arbeidsmøte Innfallsport, Oslo | KSV | Dronninga Landskap, DIFK Florian Kosche , Miljødirektoratet |
| 12.11 | Kontaktmøte DNT | MSN,KSV | DNT Oslo og Omegn |
| 17.12. | Arbeidsmøte merkevare, Lom og Trondheim 17/12 | KSV | Mai, Bakken, Bjørn Åge Jensen, Miljødirektoratet |

Skjøtsel og vedlikehold

Kvart år vert det utført skjøtseltiltak som tilrettelegging, rydding og ettersyn/vedlikehold av tidligere utførte tilretteleggingstiltak og grenseskilt og informasjonstavler. Ansvarleg utførar er Statens naturoppsyn, og mange av tiltaka vert utført ved tenestekjøp frå fjellstyra og lokale aktørar.

I 2015 var det ikkje rom for arbeid med vedlikehold og utbetring av stignettet pga prioritering av tiltaksmidlar til pilot innfallsport. Det er i samarbeid med Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule og Vågå fjellstyre rydda kratt langs stigen frå Valdresflye mot Øvre Leirungen.

Jotunheimen Vest:

Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerer skjøtels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtelsplan. I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau og geit. Nytt i 2015 var å ta inn storfe (Vestlandsk storfe) til å beite slåttemark for å redusere behovet for slått.

Jotunheimen Aust:

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebuområdet baserer seg på skjøtelsplanen frå 2001, og med justering i tråd med evaluering av status og tiltak gjennomført av Miljøfagleg Utredning i 2011. Evalueringa konkluderer med at tiltaka som har vore gjennomført med avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt har hatt ein positiv effekt på landskapet og saman med beiting verka positivt på det biologisk mangfaldet. Rapporten tilrår at slåttan vert teke opp att, for å fremje artar som kan gå attende ved for sterkt beitetrykk (marinøklar). Også i 2015 vart det arrangert slåttehelg med rettleiing om naturmangfald. Skjøtelsarbeidet elles er utført av Lom Fjellstyre og Storådalen beitelag. Forsøket med geit som beitedyr ved Gjendebu vart starta opp i 2009 og er vidareført .

Arrangement i verneområdet

- Telemarkskirenn "Galdhøpiggen" ved Spiterstulen, 11.04.15 med ca. 240 deltakarar
- Til Topps 2015 – integreringsprosjekt i regi av Integrerings- og Mangfaldsdirektoratet (IMDI) og Norges Røde Kors, i samarbeid med lokalt Røde Kors og lokale bedrifter. Over 1400 deltakarar var påmelde til arrangementet 5.-6. juni, og dei fleste går på Galdhøpiggen. I 2015 vart Galdhøpiggen-turen avlyst andre dagen pga dårleg værmelding, men mange tok seg til topps 5. juni, der også statsråd Solveig Horne stilte opp for integrering og markering av Friluftslivets år 2015. Det vart også arrangert kortare turar som høver for alle.



Glade toppturfolk, saman med Solveig Horne

- Nasjonalparkfestival Utladalen 20. – 25. mai
- Gjendebufestivalen 18. – 21. juni
- "Besseggløpet" vart arrangert den 27. juni med 46 startande i konkurranseklassa og 38 i mosjonsklassa, i alt 84 deltakarar.
- Motbakkeløpet "Galdhøpiggen Opp" vart ikkje arrangert i 2015.
- Motbakkeløpet "Fanaråken Opp" den 08. august hadde vel 365 deltakarar , av dei 181 i konkurranseklassa.

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med desse arrangementet.

Randsonearrangement

- High Camp, Turtagrø
- Vinjerock ved Eidsbugarden/Fondsbu
- Fjellfilmfestival Gjendesheim
- Fjellfestival ved Gjende

Vidare arbeid

Revisjon av forvaltningsplanen:

Det var ein omfattande prosess med revisjon av den gamle planen frå 1998 i perioden 2004 – 2008 . Tilrådinga frå Fylkesmennene i Oppland og Sogn og Fjordane, som vart sendt over til direktoratet i 2008 har vore brukt som rettleiande dokument i forvaltninga. I samråd med Miljødirektoratet kom ein fram til at revisjonsarbeidet måtte starte på nytt pga dei mange endringane som har kome til i behandlingstida fram til dei nye verneforskriftene vart lagt fram for sluttbehandling av Miljøverndepartementet i november 2014 og vedteke av Kongen i Statsråd 14.11.14.

Oppstartmelding for revisjonsarbeidet vart sendt ut ved brev av 02.09.15.

Det er lagt opp ein stram framdriftsplan med slutføring i 2017.

Det er sterkt ønskeleg å få framdrift i arbeidet for å få revidert forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter og gjeldande forvaltningsordning.

Besøksstrategi:

Jotunheimen og Utladalen har som første verneområde i landet, vedteke ein besøksstrategi for området. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret.

Kartleggingsarbeid:

Nye verneområde har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområde som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bestandsmål). Auka fokus på kartleggingsarbeid i åra framover vil vere avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning fram i tid.

Pilot for implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker

Innfallsporten ved Sognefjellshytta og nye informasjonstavler langs Fv. 55 vil få høg prioritet.

Dette er ein del av merkevarebygging til Miljødirektoratet, der Jotunheimen er ein av fire pilotar.

5. Glimt frå 2015



Representantar frå Secovlje Salina Nature Park og Strunjan Landscape Park på studietur i samband med EØS-prosjektet CARS OUT, som hadde målsetting om mindre motorferdsel i dei slovenske verneområda. Etter vegen inn mot Glitterheim er det sykkel eller apostlanes hestar som gjeld!



Prosjektet med restaurering av saltmarkene ved Adriaterhavet fekk stor merksemd i slovenske media. Frå pressekonferanse og intervju av slovensk TV i samband med opninga av det restaurerte anlegget.



Slovenske gjester på besøk i Utladalen, og blant snøfonner på Sognefjellet, juli 2015



Barnas naturoppsyn, Ringsdalen september 2015



Svært mykje snø på Sognefjellet utover sommaren gjorde at ein ikkje kom i gang med pilot innfallsport her dette året. Dette biletet er frå 27. juli.